

Kaj Skagen skriv om og samtalar med Ingvar Ambjørnsen

# Emigranten som ikkje kom fram

– Eg ville berre skrive, eg tenkte aldri på suksess eller store pengar.

**M**IDT I 1970-ÅRA hoppa den unge Ingvar Ambjørnsen av frå vidaregåande skule i Larvik og kom til Ulvik som elev ved Hagebrukskolen. Frå hybelen han leigde rett ved garden til Olav H. Hauge, kunne Ambjørnsen sjå dikteren stelle epletrea. Den unge mannen, som alt då visste han ville bli forfattar, våga ikkje nærme seg den namngjetne poeten, men det var her Ambjørnsen skreiv debutboka si, *Pepsikyss*, eit stensilert og illustrert hefte med dikt, ei forteljing og ein teikneserie, som han selde for tre kroner på gata i Bergen.

I dag er dette stensilerte heftet den sjeldnaste antikvariske debutboka frå etterkrigstida, eit ettertrakta trofé for bokjegerar. I 2017 dukka det opp eit eksemplar på auksjonen til Antikvariat Bryggen i Bergen, og det gjekk for litt under 20.000 kroner.

Etter at Ambjørnsen hadde selt halve opplaget av *Pepsikyss* på gata i Bergen,

dumpa han resten i ein konteinar; då hadde han tent seks hundre kroner. Sidan er han blitt ein av dei største pengemaskinene i norsk litteratur. Det starta med Ellingromanane i 1990-åra, som overraska forlaget Cappelen og forfattaren sjølv med høge salstal. Dramatiseringa av delar av romanane, med tittelen *Elling og Kjell Bjørne*, drog 40.000 tilskodarar i Oslo. Det bana vegen for filmatiseringa i 2001, som 800.000 nordmenn betalte for å sjå. Også forteljingane om Pelle og Proffen vart ein serie med suksessar. I 1998 hadde Ambjørnsens bøker selt til saman over éin million eksemplar, og mykje meir skulle det bli.

Meir enn femti bøker har han skrive, ni av dei filmatiserte, og 15 prisar har det gjeve han, mellom dei Brageprisen, Cappelenprisen, Rivertonprisen og Det Norske Akademi pris. Aldri har ein så einsam outsider blitt så heftig omfanna av så mange. Men denne offentlege samtalen i Dag og Tid skal vere hans siste i pressa, seier han. Nok får vere nok.

**HAN KALLAR** forholdet han har til littera-

turen for «eit livslangt vanvit», og ville heilt frå tidleg ungdom aldri noko anna enn å skrive. For å kome fram til det reddande skrivebordet gjorde han alt han måtte, både lovleg og ulovleg, sjaua på fabrikk og pusha hasj for å halde hovudet over vatnet, alt saman for litteraturen.

Nesten ingen kring han visste at han skreiv. Han las motkulturelle publikasjonar som Gatevisa og Dikt og Datt, hang ofte rundt Hjelms gate, men seier han var sky og tilbakehalden, og tok aldri kontakt med nokon. Men i 1979 tok han mot til seg og gjekk opp til Torstein Hilt i det alternative og halvveges anarkistiske Forfatterforlaget. Denne forleggjaren kjende han frå gata. «Eg gjekk med tjall på Karl Johan, og Torstein stod og selte motkulturblekka Hundre blomster.»

Den unge Ambjørnsen hadde laga eit samandrag av opplevingane sine frå Lier sjukehus, 40–50 sider, og tenkte det kunne bli ein slags pamflett. Etter lesinga seier forleggjaren: «Ta med deg desse tørre greiene, gå heim og skriv ein roman, og skund deg attende hit med han.»

Med denne oppmuntringa drog Ambjørnsen i sivilteneste hjå Frelsesarmeen, der han var nattevakt i rustene Den åpne dør, og i desse nettene skreiv han *23-salen*, uvitande om at det var starten på ein eventyrlig litterær karriere.

**AMBJØRNSEN:** Eg kunne leve av forfattarskapen min etter *23-salen* – så vidt det var. Då Forfatterforlaget gjekk mot konkurs, tok Torstein meg med i banken og oppretta ein konto for meg der han sette inn 15.000 kroner, den største enkeltutbetalinga i forlagets korte historie, og det var klart at dette var alt eg hadde å rutte med i lang tid framover.

Det var dyrt for meg i Noreg, eg reiste fyrst til Spania, der eg skreiv romanen, *Galgenfrist*. Då eg var ferdig ved juletider, var eg så blakk at eg skreiv til forfattarforeininga og bad om ferjebillett frå Kiel til Oslo. Det fekk eg, men året etter flytta eg til Hamburg. Her er eg enno, så lenge eg varer.


**DEI TRE TIDLIGE** «undergrunnsbøkene» frå 1980-åra gav signalet om kva slags forfattar Ingvar Ambjørnsen ville bli: Samstundes fabulerande og sjølvbiografisk forankra, eksistensielt og etisk orientert. *23-salen* (1981) handla om livet på ein psykiatrisk institusjon og var bygd på forfattarens røynslar som assistent ved Lier sjukehus,

*Sarons ham* (1982) utforska den eksistensielle avgrunnen som rusmisbruket styrtar menneske ned i, og er såleis ei moralsk bok, og noko av det same kan seiast om *Den siste revejakta* (1983).

Romanen er skriven med eit sterkt driv som peikar attende mot sjølvopplevd røynd og framover mot den frie forteljinga. Ramma er eit ungdommeleg rusmiljø i slutten av 1970-åra, men intrigen handlar om korleis hovudpersonen Carl F. Vang – elles eit frivillig eller ufrivillig ordspel på namnet til helsedirektøren og rusmotstandaren Karl Evang – kjempar for å fri seg frå dei destruktive sidene av rusbruken.

Gjennombrøtsromanen var *Hvite niggere* frå 1986, atter ei forteljing om unge menneske i ei tid prega av kulturelt oppbrot og nye rusmiddel. Boka festa eit stigma av rusmisbruk på Ambjørnsens offentlege maske. I standardverket *Norsk litteraturhistorie* plasserte professor Øystein Rottem i 1998 heile Ambjørnsens forfatterskap under tittelen «Ingvar Ambjørnsen – outsiderne og de sosiale tapernes talerør».

**AMBJØRNSEN:** Då eg debuterte med *23-salen*, for *Pepsikyss* reknar eg ikkje som ei bok, hadde eg inga røynslar med pressa og var sjølv sagt ein heilt ukjend person. Eg hadde vore sivilarbeidar som nattevakt på eit av Frelsesarmeens herberge for eldre drankarar i Oslo, og seinare pleiemedarbeidar på ei av dei tyngste avdelingane



Forfattaren Ingvar Ambjørnsen då han fylte 60 år. Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB

på Lier psykiatriske sjukehus. Dette var bakgrunnen for den fyrste romanen. Eg vart heilt teken på senga då Drammens Tidende ringde, eg var så naiv, eg visste ikkje at pressa interesserte seg for kva som gjekk føre seg bak dei stengde dørene på sjukehuset.

Med *Den siste revejakta* vart det bråk fordi mange den gongen i åttiåra las romanen som eit propagandaskrift for hasj og tyngre stoff, men saka var jo at eg nettopp ville peike på skilnaden mellom hasj og heroin. Forleggjaren min, Torstein Hilt, fekk høyre frå Dagbladet: Den boka eksisterer ikkje, Hilt! Men i Gatevisa slo dei stort opp eit intervju med meg der eg sa det var ei plikt for ein forfattar å prøve LSD, ikkje for å rusa seg, men for å kjenne samtida av eiga røynslar. Etter dette vart eg til denne hasjfyren som vandrar langhåra kring i media.

Då *Hvite niggere* kom ut i 1986, eksploerte det. Som sagt var eg heilt ubudd på dette. Eg hadde berre tenkt at eg ville skrive, eg tenkte aldri på suksess eller store pengar. Romanen vann Cappelen store romankonkurranse det året, vart hovudbok

i Bokklubben Nye Bøker – den gongen var bokklubben eit slags monopol, og månadsboka kunne selje i 100.000. Samstundes tok eg til på serien om Pelle og Proffen. I tiåret som følgde, gav eg ut ei ungdomsbok og ei vaksenbok i året, og pressa var på absolutt heile tida. Alt berre ramla i hovudet på meg.

**SKAGEN:** No kan eg levande forestille meg kva dei kollegene dine som ikkje får omtala bøkene sine nokon stad i det heile, tenkjer om denne klaginga over ikkje å få fred for pressa!

**AMBJØRNSEN:** Nei, nei, eg klagar ikkje, eg er sjølv sagt glad for merksemda, men eg vil ikkje ha sitjande på meg at eg var PR-kåt. Eg tenkte null på korleis eg vart oppfatta av andre, eg berre stilte opp for å vere høfleg. Det var aldri eg som tok initiativet i ålmenta. Aldri har eg teke ein telefon til nokon journalist.

Men eg kjem frå ein møblert heim, sant nok, eg eksperimenterte med LSD og andre sterke hallusinogen i ungdommen, men eg likar å oppføra meg pent. Aldri har eg avvist

## Ingvar Ambjørnsen

■ Fødd i Tønsberg 20. mai 1956

■ Busett i Hamburg saman med omsetjaren Gabriele Haefs

■ Forfattar, kritiker og skribent

nokon som har ynskt å snakke med meg, kørkje journalistar eller andre. Hugs også på at det var reine ferien for pressa å reise til Hamburg, ein billig flytur ein time unna.

Desuttan ville tilfellet eller karma – kva ein no skal kalle kjærleiken – at eg budde i St. Georg, heroinstroket i byen, der dei aller yngste horene heldt til på fortua. Ei fantastisk ramme for tabloidavisene. Så det vart full fres for meg anten eg hadde bok ute eller ikkje. Var eg i Oslo, dukka journalistane opp ved kafébordet mitt, rykta om at eg var der, spreidde seg lynsnøgt.

Eg nemner dette fordi du bør vite at det finst «sitat» og brokkar av «samtalar» med meg overalt, sausa i kvarandre fordi den eine journalisten refererer til noko han har høyrte eller andre har skrive. Det gjekk anekdotar om meg som hamna i sladderspaltene. Eg kunne ikkje kontrollere det, eg måtte gje slepp. Den offentlege Ingvar Ambjørnsen er ein fyr eg kjenner sånn delvis. Han er ikkje meg.

Han lever sitt eige liv. Folkets eigen frikar. Avvikarkongen.

**SKAGEN:** Eg trur at inntrykket vi får av kjende personlegdomar, alltid er forvrengt. Bileta av kjendisane omgjev oss som skrømt og dobbeltgengarar. Så du ber på den enorme suksessen din som ei maske det er lett å forveksle med andletet ditt. Du har aldri akseptert skiljet mellom «normalitet» og «avvik». Men den som forkastar klisjeen om «det normale», og skjønner at det individuelle er noko anna, vert lett oppfatta som forsvarar av «avvikaren», som atter er ein klisje.

**AMBJØRNSEN:** Etter at bøkene, teaterstykkja og filmene om Elling tok til å ta av rundt om i verda, fekk eg eit heftig trøkk frå både presse og lesarar, og alle moglege organisasjonar for angst, einsemnd og sjølv mord. Eg måtte ta det alvorleg, og eg

Den offentlege Ingvar Ambjørnsen er ein fyr eg kjenner sånn delvis. Han er ikkje meg.



Ingvar Ambjørnsen saman med kona Gabriele Haefs på Sehesteds plass i Oslo i 1988. Foto: Ole Christensen / NTB



Riksmålsprisen gjekk i 1999 til Ingvar Ambjørnsen. Ørn E. Borgen

Eg har større problem med at jorda dør, enn med at eg sjølv blir gamal og skal dø.

stilte opp. Eg har aldri gøymt meg vekk, det vedgår eg.

Panikkangsten som heimsøkte meg i mange år, har eg snakka om i fleire intervju og bøker, til dømes i novelle-samlinga *Natt til mørk morgen* frå 1997. Alle visste at eg hadde vore gjennom dette helvetet og kome heilskinna frå det. Men merkelappen om angsten vart limt saman med merkelappen om rusen. I eit par tiår skreiv journalistane av artiklane til kvarandre om panikkangst og dette med at «det bur ein Elling i oss alle». Alt vart hengande ved meg.

No har dette gått over i ein sluttfase med sjukdom og død. Det er sant, eg har alvorleg kols, eg kjem til å døy av det, eg har vore open om dette. Det hamna på framsida med nyhende om at eg «HAR FÅTT DØDSDOMMEN». Det skremde mor mi på over 90, venene hennar tok til å kondolere henne for sonens død.

**SKAGEN:** Forfattarane sel seg kanskje til massemedia av omsut for dei nyfødde bokene dei skriv. Vi trur ikkje bokene kan nå fram til ålmenta og leve opp om vi ikkje stiller opp i media og «byr på oss sjølve». Resultatet kan verte at ålmenta hugsar pressdekninga, men ikkje bøkene.

**AMBJØRNSEN:** Det er vel dette som er litt rarhistorias ironi.

**IKKJE BERRE PERSONEN** Ingvar Ambjørnsen, men også verket hans er blitt fordobla, særleg gjennom den fyrste Elling-filmen. Den endra synet på Ambjørnsen frå sint outsider til folkekjær og mindre kontroversiell forfattar. Frå å ha vore LSD-profet vart han nasjonal riksfrikar, ein langhåra maskot for folk med meir kontrollert frisyre og livssyn.

I Wikipedia vert historia om Elling kalla «en hjertevarm historie om to av livets gutter på usikre skritt i verden», med andre ord *feelgood* eller fordreining av røynda for å gje oss falsk lukke. Den fyrste Elling-filmen, bygd på romanen *Brødre i blodet* (1996), lét oss glede oss over sosiale avvikarar som vik av mest i at dei er så utruleg morosame, elskelege og gode menneske.

Men den Elling vi finn i den fyrste romanen i Ambjørnsens serie, *Utsikt til paradiset* (1993), er korkje morosam, elskeleg eller god. Han er tvert om sjølve nattsida i det sosialdemokratiske paradiset, tydeleggjord av erotiske fantasiar om Gro Harlem Brundtland, grove nok til ikkje å kunne filmast og til å løyne den politiske bodskapen i romanen: at sosialdemokratiet har skapt eit velstående, men grelt samfunn av bustadblokker og kjøpesenter med solidaritet på overflata og einsemd innanfor, kjemisk reinsa for materiell elende og sjeleleg meining.

Elling og Kjell Bjarnes appell heng saman med at dei ikkje er galne eller «mentalt tilbakestående», slik litteraturvitaren Kjell Olaf Jensen skriv, men at dei er arketypar eller biletelege framstillingar av mennesket før syndefallet, plassert inn i ei fallen verd.

Det klaraste teiknet på denne heimløysa er at dei to vaksne mennene er jomfruer og seksuelt uskuldige, ein bibelsk metafor for uskuldige menneska med ei verd som har mista glansen sin av eventyr og draum.

På merkeleg vis fører denne samanstøyten til at romanane syner både mennesket og den moderne epoken i rein form, og vi ser korleis Ambjørnsens grunnoppleving frå ungdomsåra av den reine og uskuldige opprøparen mot det stygge og degenererte samfunnet – ein klisjé, men som likevel gjev att grunnopplevinga i marxismen, kulturradikalismen og 1968-opprøret – ligg i botnen av Elling-serien.

## Eg har aldri kunna innordne meg i eit materialistisk verdsbilete.

**MEST SÅ LENGE** han kan hugse, har Ingvar Ambjørnsen vore gift med Gabriele Haefs, som er omsetjar til tysk frå norsk, dansk og svensk. Dei bur i to husvære i Eppendorf, ein i Tärnet, eit høghus med fenomenal utsikt over byen gjennom store glasvegger. Her har Ambjørnsen basen sin. Så har dei ein bustad i nærleiken, til gjester, og til seg sjølve når dei treng avveksling. Dei har ingen born, er vane med å vere berre dei to, og dei har trass i at Ambjørnsen er omgjeveleg, ikkje pleidd å ha folk på vitjing heime hos seg.

Isolatet under pandemien har difor ikkje ført til store endringar for Ambjørnsen. Alt er ved det normale, kunne ein seie, men no byr normaliteten på utfordringar. På grunn av langt framskriden kols har han store problem med å gå, og tek seg fram med krykker.

Han kjem seg ingen stader og må køyrast med bil opp til gjestebustaden, sjølv om det berre handlar om nokre hundre meter. Det at han ikkje lenger kjem seg i butikken, er eigentleg den største skilnaden i det daglege. Alle innkjøpa må Gabriele ta seg av. Han kjem seg heller ikkje så lett til tannlegen og liknande, så forfallet trugar.

**AMBJØRNSEN:** Når folk snakkar om å vende tilbake til det normale, så gjeld ikkje det meg, det vanlege livet for ein frisk person er tapt for meg, pandemi eller ikkje pandemi. Men eg synest ikkje det er spesielt problematisk.

I 2018 heldt eg på å stryke med på grunn av eit for dei fleste heilt harmlaust virus. Så eg ligg tynt an i møtet med ein kraftplugg som covid-19. Den gongen fekk eg oppleve korleis det å dø av kveling artar seg. Det er ikkje noko eg vil tilrå. Men det har ikkje gjeve meg meir dødsangst. Døden har følgt meg heilt sidan eg var gutunge, og eg har ikkje noko fiendtleg tilhøve til han – tvert imot.


**SKAGEN:** Forfattarar har jo heile livet jobba frå heimekontor, så vi merkar mindre til restriksjonane under pandemien enn mange andre. Samstundes er dette kanskje den store historiske hendinga i vår tid. Eller kanskje det er rettare å seie at det er det til no kraftigaste symptomet på at retninga i samfunnsutviklinga treng korrigerig. Mykje tyder på at pandemien er oppstått gjennom ein kombinasjon av naturøydelegging, industrilandbruk, bioteknologisk eksperimentering og globalisert næringsliv. I så måte er han ikkje noko forbausande, men ein naturleg del av samfunnsutviklinga.

**AMBJØRNSEN:** Eg er ikkje i tvil om at pandemien vil vere den «store» omveltninga i vår levetid. Det er umogeleg å vite kva han vil føre til. Eg har inga tru på at det går nokon veg tilbake til tida før koronaen. I røynda har vi heilt til no levd i ei verna verd. Men så plutselig: Den kinesiske flaggermista har landa. Hjå oss. Bak våre sosialdemokratiske murar.

Heile vår generasjon, i alle fall dei vakne av oss, har alltid levd med kunnskapen om naturøydelegginga. Det stod klart for oss i ungdomsåra at dette med forureining, urbanisering og folkevekst ikkje kunne ende godt. Som 16–17-åring las eg mykje litteratur om dette, Georg Borgström med fleire, og vart sitjande med mykje «mørk viten» om det som kom til å skje.

Men sidan det ikkje er mogeleg å leve med eit slikt medvit, fortrenge eg det frå kvardagen min. Kva skulle eg vel kunne gjere mot dei allmeiktige kreftene som driv verda i denne merkelege og sjølvmodariske retninga? I ettertid ser eg at dette førte meg inn i ein depresjon som i sin tur gjorde at eg trekte meg ut av mange aktivitetar og miljø, ja, vekk frå alt unnaekte skrivinga. Tyngda i dette har ikkje gått opp for meg før no på mine gamle dagar.

**SKAGEN:** Nokre ville då kanskje innvende at denne tyngda er for stor. Spådomane slår



Teikneserieskaparen Ingvar Ambjørnsen i 1975. Foto: Jon Rognlien

heller ikkje alltid til. Det er 60 år sidan Rachel Carson varsla fugledøden i *Silent Spring* i 1962, og mykje DDT og verre stoff har runne i havet sidan den gong, men fuglane synng enno. Har vi kanskje meir tid på oss enn mange trur?


**AMBJØRNSEN:** Eg er ein nokså habil amatørornitolog, eg kan sjå endringar med egne augo. Eg ser at mange av dei fugleartane som var vanlege då vi var gutungar, er på veg ut av historia. Men dette kan ikkje forståast av menneske som ikkje ser skilnad på ein gråsporv og ein pilfink. Problemet eksisterer ikkje i verda deira. Heller ikkje at insekta forsvinn, vert oppfatta.

Eg trur ikkje at «alt ordnar seg». Eg trur at den samfunnsmodellen vi har i dag, har kort levetid. Eg trur på store omveltningar, og eg trur dei kjem snart.

Som du skjønar har eg større problem med øydelegginga av naturen, at jorda døyr, så å seie, enn med å erkjenne at eg sjølv blir gamal og skal døy. Handa på hjarta. Eg er som sagt snart 65 og har heilt sidan ungdommen kunna leve nett det livet eg har ynskt. Det einaste eg hadde lyst til, var å skrive. Vere for meg sjølv. Lese. Legge dogeret som det passa meg. Det har eg hatt sjansen til sidan eg var 25. Eg har levd av pennen sidan eg debuterte i 1981. Forti år. Forventa levetid i ei løype av det slaget



Frå teikneserien Lurifix, som Ingvar Ambjørnsen laga til Gateavisa i 1975.



Debutssamlinga som Ingvar Ambjørnsen stensilerte opp og selde på gata i Bergen i 1976.

om eg kan forklare det betre, men du skjønar kanskje kor eg vil.

Denne hendinga har eg bore med meg heile livet, minnet om det som skjedde, dukkar opp i meg mest dagleg, like levande som for snart 60 år sidan. I puberteten grunda eg på det som hadde skjedd meg. Kva var det? Korleis hadde eg kome inn i dette underlege rommet? Då eg som nittenaar tok LSD for fyrste gong, også åleine og i skogen, vart eg ståande på stien og tenkje: I all verda, eg er attende i det same rommet som den gong. Ei sterk kjensle av atkjenning fylte meg.

Denne barndomsopplevinga har på mange vis prega mykje av verdsoppfatninga mi. Ho har gjort at eg ikkje kunne innordne meg i eit materialistisk verdsbilete.

**SKAGEN:** Eg kan kjenne att denne røynsla, sjølvsgagt på mitt vis, kanskje ein kan seie at det er det indre livet, sjølvopplevinga, tankane eller forestillingslivet, som vert meir intenst enn vanleg, slik at sanseintrykka av kroppen og den fysiske verda ikkje dominerer så sterkt som elles. Eg trur det er i slekt med ein både filosofisk og kunstnarleg skaparprosess. Typisk er det i alle fall at svært mange kunstnarar og tenkjarar kjenner dette att på sitt vis. Tenk berre på den visjonære barndomsopplevinga til Wergeland, der han meinte han stod føre ein bergvegg gliitrande i alle edelsteinar. Eller hendinga Robert Musil skildrar i *Mannen uten egenskaper*, der matematisk hard innsats går over i ei røymsle av sterkt ljøs. Kunsten er full av dette. Ein kan seie at både filosofien og kunsten grensar til mystikken. Men dette må du vel alt i ungdomsåra ha funne att i litteraturen?

**AMBJØRNSEN:** Som fjortenåring las eg *Den tibetanske dodeboken*, og eg heldt fram med å interessere meg for austlege religionar, men også nyare mystikarar som teosofen Blavatsky og trollmannen Crowley, for å nemne nokre av mange. Eg lærte meg transendental meditasjon. Eg rusa meg ikkje for å sløve meg ned, men fordi eg var nysgjerrig og leita etter denne andre røymsla, det mystikarane fortel om.

Då eg var atten, fekk eg i hendene Rudolf Steiners *Teosofi*, som eg veit du har omsett frå tysk. Den boka var sjølvsgagt ei utfordring for ein tenåring. Eg måtte lese boka i fleire runder, kan eg hugse. Eg har framleis det gamle eksemplaret. Nokså slite i kantane. I fleire år las eg Steiner utan plan, og utan kontakt med antroposofar. Etter kvart flytta eg saman med ei jente i Fredensborgveien, ho var den fyrste eg kjende som også hadde lese Steiner. Men i det oslomiljøet eg kom inn i då, i fem års tid fram til kring 1980, fanst skrifter av Steiner i bokhyllene mest overalt, like visst som at ein ville finne Grateful Dead og Fleetwood Mac i platehyllene.

**SKAGEN:** Slik var det alt frå slutten av 60-åra. Antroposofien appellerer til menneske som

kjenner seg heimlause i den moderne verda med den tekniske sivilisasjonen tufta på pengar og vekst og utvendig velferd. Men tilknytninga mellom antroposofi og alternativrørsle går lenger attende enn til 60-åra. Alt frå slutten av 1800-talet hadde Tyskland si alternativrørsle med orientering mot personleg frigjerig, sjølvrealisering og austleg mystikk, den såkalla Lebensreform-rørsla, ikkje ulikt den seinare hippierørsla. Mange frå Lebensreform-miljøa slutta seg til Steiner. Men det er ein tankekross at han vart populær i rusmiljøa, for hjå Steiner er den nøkterne livsføringa ein føresetnad for ikkje å rota seg vekk på leitinga etter ei større røynd.

**AMBJØRNSEN:** Det er sant. Den glasklare logikken hos Steiner, der verds- og menneskevesenet vert framstilt med ein nær matematisk presisjon, som eit enormt urverk av erkjenningar, det skulle eigenleg ikkje ha appellert til meg, men pussig nok fengsla det meg likevel. Eg tenkte at dersom Steiner faktisk er «spenna gæren», så er dette ein hjerne som det uansett er spanande å følgje.

Men det vil eg seie til forsvar for min eigen ungdom og venene mine, at vi var som ei lita og ukjend stamme med våre egne ritual for å kome nær det heilage. Å trippe var ikkje noko vi gjorde tilfeldig. Vi såg på det som ei slags innviing. Men eg valde å ta den fyrste syretrippen i skogen i selskap med meg sjølv, det var typisk for meg at eg gjorde alt åleine. Men vi var varsame med LSD. Eg angrar ikkje på noko av dette, det var i det store og heile fine røymsler. Eg har aldri nytta omgrepet «rus» om verknaden av dei sterke hallusinogena. Eg meiner dette omgrepet er misvisande her, og kan vere farleg. LSD er ikkje noko ein tek fordi ein ikkje rakk ølsalet.

**SKAGEN:** Eg hadde sjølv i ungdomsåra denne erfaringa av LSD som noko revolusjonere, i stil med den trua folk som Timothy Leary og Axel Jensen hadde, nemleg at hallusinogena var ein slags demokratisering av den mystiske erfaringa. Eg må vedgå at eg i slutten av 60-åra trudde at LSD-opplevinga var eit gjennombrot til ein annan dimensjon, og kanskje førte desse skakande opplevingane til at eg vart overttydd om at ein slik dimensjon måtte finnast. Men eg vart likevel snøgt motstandar av denne bruken, då eg opplevde kor langt inn i psykosens desse stoffa kunne slenge folk.

Eg tok til å sjå på LSD som eit livsfarleg stoff som kunne råke både den fysiske og sjelelege helsa som ein torpedo, og vart nokså sikker på at LSD-bruk for min del

var ei årsak til fleire års utfordringar med panikkangst og dødsangst, for eg var 28 og det vart overvunne. Eg vart skeptisk til hasjen også, særleg fordi han så lett kunne brukast nesten dagleg, og eg syntest eg merka at han verka sløvande og stagnere, både på meg sjølv og på venene mine.

Den franske poeten Charles Baudelaire seier i *De kunstige paradiser* at hasjisy og opium er ein freistnad på å jukse til seg eit høgare medvit som berre kan nåast langs ein langsam og livslang veg, der ein tek sin eigen eksistens på alvor. Ein kan altså ikkje ete seg til paradiset, men kanskje unngå helvetet med bøn og arbeid.

**AMBJØRNSEN:** Eg har ikkje noko særleg å føye til dette. Eg er stort sett samd.

**HAN FORTEL AT** han berre var seksten då han kom inn i hasjmiljøet i Larvik, og at han søkte seg til denne utkanten av samfunnet meir av at han var nyfiken og av interesse, enn av sosial naud. Likesom på slutten av 60-åra var hallusinogena meir populære i kunstnar- og bohjemmiljø enn i kriminelle og alkoholisererte grupper.

Fleire i den tidlege venegruppa vart seinare musikarar, ein av dei vart kunstmålar, nokre arbeider i dag i teateret. Ambjørnsen meiner hasjen knytte dei saman i ein loynd fellesskap – han var jo forboden, og noko framandt som kom frå Austen, frå Nepal og Afghanistan og Pakistan, ikkje minst var han eldgammal – og «berre vår». Hasjen skapte ein ny og naudsynt identitet om noko framand dei kunne knyte seg til. Men også når Ambjørnsen snakkar om denne tette veneflokken, omtalar han seg sjølv som åleine.

**AMBJØRNSEN:** Rett før far min døydde, spurde eg korleis han hadde oppfatta meg som barn. Da svara han: Du stod utanfor og såg på. Slik minnest eg meg sjølv også. Eg var nok ein slikkodar alt då. Eg har aldri kjent noka draging mot grupper, parti, kyrkjedar eller liknande. Sjølvsgagt hadde eg leikekameratar som gut, og vener i ungdomstida i Oslo og Bergen, men samstundes gjekk eg helst for meg sjølv. Eg hadde ingen trong til å ha nokon tett på meg eller å tru meg til andre. Måtte eg feire noko, feira eg det helst åleine.

Alt i tenåra var det at eg skreiv, det viktige i livet mitt, og det delte eg ikkje med nokon. Eg bar berg av bøker frå biblioteket og heim, men snakka aldri med andre om det eg las. Etter at eg hadde debutert som forfattar, hadde eg for ei kort stund eit miljø kring meg, men dette fekk eg heldigvis rista av meg. Då eg flytta til Hamburg, kunne eg ikkje eit ord tysk, snakka knapt med andre enn kjærasten min og sat elles for meg sjølv og skreiv dag og natt gjennom heile 80-åra.

I Tyskland visste ingen kven eg var. Her har eg ikkje knytt meg til nokon. Eg kjenner enno i dag ikkje ein einaste tysk person som det ville vere naturleg for meg å ta ei øl med. Eg har berre éin nær ven her nede, og ho er norsk, ein slags assistent for meg som hjelper meg med tekniske ting.

Men eg har har ikkje vore einsam. Du kunne ha køyrt meg langt ut på ein holme i havet, og eg ville ha funne meg godt til rettes der så lenge eg hadde noko å lese på og høve til å skrive.

Det var først i Tyskland eg fekk skikkelege arbeidstilhøve. Her var det ingen vener som forstyrta meg. Eit stort husvære og eige arbeidsrom. Og det arbeidsrommet har eg i grunnen aldri meir gått ut av. Eg har ein stor og rotete forfatterskap bak meg. Det har kravd all mi tid. Eg har ikkje knytt venskap med nokon her nede og har levd fullstendig utanfor det tyske samfunnet. Eg har i grunnen vore meir eller mindre isolert heile mitt vaksne liv. Du kan seie eg har levd i eit dobbelt eksil, som ein emigrant som aldri kom fram til noko nytt heimland.



Frå innspelinga av Kinofilmen om Elling hausten 2000. Her er Kjell-Bjarne (Sven Nordin), Alfons (Per Christensen) og i bakgrunnen Elling (Per Christian Ellefsen) på filmsettet. Foto: Ørn E. Bergen / NTB scanpix



Gjennombrøtsromanen kom ut i 1986.